

## Høyrings sak – Detaljregulering Mangersnes bustadområde - Merknadar

Som huseigar med eit hus tett ved den berørte fylkesvegen vil eg gje følgjande merknadar til reguleringsplanen;

Eg har ikkje fått nabovarsel og er ikkje blitt informert om saka på anna måte. Alle som bur langs fylkesvegen og som har utkøyring på denne veggen burde vore varsla om prosjektet og fått moglegheit til å uttala seg.

Einebustaden min ligg langs fylkesvegen som går frå krysset og opp mot Manger sentrum og vil bli svært berørt av så stor auke i trafikken som dette prosjektet vil generere, på grunn av nærleik til veggen.

- Plangrensa må endrast til at den har med veggen heilt opp til sentrum.

Veggen frå sentrum, ned mot kaien og rundt såkalla «Strafferunden» vert mykje brukt til turgåing generelt men også av elevar frå Radøy ungdomsskule i undervisninga. Veggen er ikkje trygg å ferdast på trafikken slik det er i dag.

Heile veggen må utbetrast; den er svært smal, og må utbetrast ift breidde, den manglar fortau og delar har dårleg sikt. Det må kome fortau, forbi-køyringslommer, lys heilt til Manger sentrum og fartsgrensa må ned før ein kan gå i gang med prosjektet. Det er allereie i dag svært utrygt for barn å færdast og å passere mellom husa med fylkesvegen i mellom.

Utan endring i reguleringsplanen for veggen opp til Manger sentrum, vil veggen bli endå farlegare på grunn av meir trafikk og tungtransport, dersom ikkje **heile veggen** vert utbetra. At utbyggjar tenkjer at ein ikkje skal gjerast nokon form for utbetringar der er ikkje akseptabelt. Strekkingen har i dag mykje trafikk, både privat og næringstrafikk i samband med kaien.

- Trafikkbilete i dag:
  - All dagleg trafikk frå Mangersnes bustader, hytter og båthamn.
  - Lastebåtar som kjem inn med asfalt, grus, sand, gjødsel, tømmer mm. Alle båtar vert tømde med store lastebilar og køyretøy.
  - Traktorar og lastebilar som kjem på kaien for å henta gardsrelaterte varer ifm. Felleskjøpet sitt lager av kunstgjødsel mm.
  - Bergen Røykeri har varetransport med lastebilar fleire gongar dagleg.
  - Alver kommune har eit nytt reinseanlegg på kaien
  - Gamle Manger Fiskemat har utleige til bilar og båtar
  - To store utleigehus med fleire leilegheiter, hytter og bustadhus som og genererer trafikk
  - NGIR har og ein del trafikk ned mot kaien der dei kjem med store lastebilar med hengar.
  - Turgåarar som går «runden» rundt kvar einaste dag.
  - Sulane på Manger nyttar ein del av veggen på «strafferunden» ei løype dei nyttar når dei har «utegym».
  - Ved fint vær går heile klassar frå sentrum langs fylkesvegen og heilt ut til sjøen i Mangersneset.

Manger skule er gamal og har sprengt kapasitet. Trafikksituasjonen til/frå skulen er vanskeleg. Auke i utbygging/ bustadbygging krev endring i infrastruktur som nemnd over. Utbygginga vil naturleg auke ift støy, antal bilar pr. husstand med foreldre til/frå jobb, handling, hente/levere i barnehage/skule. Fylkesvegen går heilt inntil skulen sitt uteområdet og Haugane der eg bur.

Strekninga er allereie i dag for farleg til at små skuleborn kan gå eller sykle til skulen, og foreldre har difor måtte kjørt borna til/frå skule og barnehage. Med forventna auke i trafikken med ei slik bustadbygging som er planlagt, vil ein måtte halde fram med å kjøyre og henta borna, sjølv om dei har både gang- og sykkelavstand til skulen.

Ved eit framtidig sal av eige hus eller utleige til barnefamiliar, så vil prosjektet utan utbetra veg m.v gjere området mindre barnevenleg, attraktivt og ettertrakta for barnefamiliar.

Eg stiller også spørsmål ved at prosjektansvarleg/utbyggjar tenkjer at det er greitt med ei slik auke i antal bilar som skal ferdast fram og tilbake kvar dag i dette naturskjønne området. Trafikken vil gå gjennom fire gardstun som allereie har for mykje trafikk frå heilårsbustader, samt mykje hyttetraffikk i helger, samt trafikk i samband med båthamna på vår- og sumartid.

For bønder med gardstun og beitedyr langs vegen vil dei miste dyrebar beitemark om vegen skal gjerast breiare, inkl. fortau og store/større forbiøyringslommer. Beitearealet er avgrensa i området og kan ikkje utvidast då det er vatn på eine sida og sjø på andre sida.

Andre moment:

- Det fins allereie ledig tomteland i byggjefelt som er regulert og under etablering sentralt på Manger. Her er og infrastrukturen på plass.
- Trafikkbilete i dag viser kor pressa situasjonen er og det er FØR ei eventuell utbygging med ei så stor auke i ÅDT. Dersom det vert etablert 24-26 bueiningar så vil ÅDT auke med 336-364 køyretøy pr døgn dersom ein nyttar vegdirektoratets regelverk.
- Vegen frå Mangersnes er klassa som Bk 8/32 - max lengde 15m veg, slik at større lastebilar ikkje kan køyra lovleg med/utan lass her. Her bør det opparbeidast ein gjennomføringsplan for korleis ein skal frakta eventuelle overskotsmassar, asfalt, maskiner til byggeprosjektet, materialar, takstein osv. Det står i saka at det ikkje skal vera overskotsmassar å køyra vekk, her vil eg sjå utrekninga som ligg til grunn for denne påstanden.

16.10.2023

Mvh  
Stig Morten Halland